

# PERSONVERNERKLÆRING

Personvernerklæringa skildrar korleis KORO behandlar personopplysningar om søkarar på tilskotsordningar og kontaktpersonane deira, mottakarar av middel frå tilskotsordningar, kundar, leverandørar, søkarar på stillingar hos KORO og kuratorar og kunstkonsulentar på oppdragsportalen til KORO.

## **Behandling av personopplysningar**

KORO – Kunst i offentlege rom («KORO», «oss» eller «vi») behandlar personopplysningar som er skildra i denne personvernerklæringa, og er ansvarleg for å sikre at behandlinga blir utført i samsvar med gjeldande lovgjeving.

Denne personvernerklæringa skildrar korleis KORO behandlar personopplysningar om søkarar på tilskotsordningar og kontaktpersonane deira, mottakarar av middel frå tilskotsordningar, kundar, leverandørar, søkarar på stillingar hos KORO og kuratorar og kunstkonsulentar på oppdragsportalen til KORO.

Dersom noko i denne personvernerklæringa er uklart eller du har andre spørsmål om korleis KORO behandlar personopplysningane dine, er du velkommen til å ta kontakt med personvernombodet vårt, Anne Christine Schjetne.

## **Kven er ansvarleg for behandlinga av personopplysningane dine?**

KORO – Kunst i offentlege rom, org.nr. 974778998 og 992462744, er behandlingsansvarleg for personopplysningar som blir behandla etter denne personvernerklæringa.

Kontaktinformasjon:

KORO

Besøksadresse: Victoria terrasse 11, 0251 Oslo

Postadresse: Postboks 6994 St. Olavs plass, 0130 Oslo

Telefonnummer: 22 99 11 99

E-postadresse: post@koro.no

## **Kvifor og på kva grunnlag behandlar KORO personopplysningane dine?**

a) Alle som korresponderer med KORO:

Som eit offentleg organ er KORO pålagt å følge arkivlova sine avgjerder om offentlege verksemdar. For å kunne oppfylle det vi har plikta oss til etter dette lovverket, blir all inngåande og utgåande korrespondanse med KORO arkivert, først hos oss og sidan hos Arkivverket. Dette er nødvendig for å overhalde rettslege plikter KORO er pålagt.

b) Søkarar på tilskotsordningar og kontaktpersonane deira:

Vi behandlar personopplysningar om søkarar på tilskotsordningar og dei eventuelle kontaktpersonane deira for å kunne administrere og vurdere søknadene. Dette er nødvendig for å gjennomføre tiltak søkarar ber om, før ei avtale blir inngått (dvs. tilskot).

KORO er pålagt til å følge arkivlova og offentlegheitslova og legge til rette for offentleg innsyn i forvaltninga av fondet og tilskotsordningane. Dette inneber mellom anna at personopplysningane dine, som du gir oss i samband med søknaden, kan bli publiserte i vedtakslistar på nettsidene til KORO, og at dei blir oppbevarte og avleverte til Arkivverket etter offentlegrettslege krav. Les meir om offentleggjing av vedtakslistene under punkt 4.1 under.

På grunn av dette blir også personopplysningar behandla for å halde arkiv oppdaterte og legge til rette for offentleg innsyn.

KORO nyttar ikkje automatiserte avgjerder, inkludert profilering, for å vurdere søknadene.

c) Mottakarar av middel frå tilskotsordningar:

Dersom du mottar tilskot frå KORO, må vi behandle personopplysningar for å kunne gjere og administrere utbetalingar. Dette er nødvendig for å oppfylle ei avtale KORO er part i.

Vi vil også behandle og oppbevare informasjon om utbetalingar for å oppbevare rekneskapet til KORO. Dette er nødvendig for å overhalde rettslege plikter KORO er pålagt.

d) Kunder og leverandørar:

Vi behandlar personopplysningar om kunder og leverandørar for å oppfylle eller inngå avtaler som KORO er part i, eller for å gjennomføre tiltak kunden eller leverandøren ber om, før ei avtale blir inngått.

Vi vil også behandle og oppbevare informasjon om ut- og innbetalingar for å oppbevare rekneskapet til KORO. Dette er nødvendig for å overhalde rettslege plikter KORO er pålagt.

e) Søkarar på stillingar hos KORO:

Vi behandlar personopplysningar om søkarar på stillingar hos KORO for å kunne vurdere søknadene. Denne behandlinga er nødvendig å gjennomføre før ei eventuell avtale blir inngått.

f) Nettverk for kuratorar og kunstkonsulentar på oppdragsportalen til KORO:

Vi behandlar personopplysningar om søkarar til nettverket for kuratorer og kunstkonsulentar i oppdragsportalen til KORO for å kunne vurdere søknadene. Dette er nødvendig for å gjennomføre tiltak søkarar ber om.

Sjølv om CV-ane i nettverket ikkje ligg ope på nettsida, kan alle som ønsker å lyse ut eit oppdrag, og andre som er registrert i nettverket, få tilgang til opplysningane. Innhaldet i oppdragsportalen er dermed å rekne som offentleg tilgjengeleg informasjon. Det er mogleg for profilinehavaren å vere usynleg i portalen. Vel du dette alternativet, vil du kunne lese utlysningar og søke på oppdrag, men profilen og CV-en din blir ikkje vist i oppslag i nettverket.

### **Kven deler KORO personopplysningane dine med?**

a) Offentlege vedtakslistar:

KORO publiserer vedtakslistar med løyvingar for søknader på tilskotsordningane våre. Offentleggjinga er eit ledd i arbeidet for meir openheit og likebehandling i søknadsbehandlinga.

b) Medlemmer i komitear og utval:

Medlemmer i komitear og utval vil få tilgang til personopplysningane i dei søknadene dei behandlar. Alle medlemmer i råd og utval er underlagt strenge krav om at slike opplysningar blir behandla konfidensielt.

c) Arkivverket:

All korrespondanse, inkludert behandling av søknader, blir avlevert til Arkivverket etter offentlegrettslege krav.

Du finn meir informasjon om arkiv og personvern hos [Arkivverket](#).

d) KORO sine databehandlarar:

KORO nyttar databehandlarar på enkelte av behandlingsaktivitetane. Databehandlarane er underlagt databehandlaravtaler med KORO og kan ikkje sjølv råde over personopplysningane dine:

- For økonomi, rekneskap og inn- og utbetalingar er Direktoratet for økonomistyring (DFØ) databehandlar. DFØ innhentar også personopplysningar frå Folkeregisteret, Altinn, NAV og Skatteetaten på vegner av KORO.
- For mottak av søknader om tilskot er Cognitiforms databehandlar.
- For publisering på nettsida er Dekode AS databehandlar.
- For mottak av søknader på stillingar er Webcruiter AS databehandlar.
- For mottak av all korrespondanse som inngår i saksbehandling eller arkivpliktig dokumentasjon, er Tieto Norway AS databehandlar.

e) Land utanfor EØS-området:

KORO, inkludert databehandlarane våre, overfører ikkje personopplysningar til land utanfor EØS-området.

### **Retrane dine og korleis ivareta dei**

I samband med behandlinga vår av personopplysningane dine har du visse rettar. Dei inkluderer:

a) Innsynsrett:

Du har rett til å få stadfesta av oss om vi behandlar personopplysningar om deg eller ikkje, og dersom dette er tilfellet, å be om innsyn i personopplysningane. Innsynsinformasjonen inkluderer – mellom anna – formåla med behandlinga, dei aktuelle kategoriane av personopplysningar og mottakarane eller kategoriane av mottakarar som personopplysningane er eller vil bli utleverte til. Dette er likevel ikkje ein absolutt rett, og rettane og interessene til andre kan avgrense innsynsretten din.

Du kan ha rett til å få ein kopi av personopplysningane som blir behandla. Dersom du ber om meir enn éin kopi, kan vi krevje eit rimeleg gebyr basert på administrasjonskostnadene.

b) Rett til retting:

Du har rett til å få urette personopplysningar om deg retta av oss. Avhengig av formåla med behandlinga kan du ha rett til å få ufullstendige personopplysningar kompletterte, m.a. ved å legge fram ei supplerande erklæring.

c) Rett til sletting («rett til å bli gløymt»):

I visse tilfelle har du rett til å få personopplysningane om deg sletta, og vi kan ha plikt til å slette slike personopplysningar.

d) Rett til avgrensing av behandling:

I visse tilfelle har du rett til å krevje at behandlinga av personopplysningar om deg blir avgrensa. Da vil desse opplysningane bli merkte og berre behandla av oss med tanke på bestemte formål.

e) Rett til å protestere:

I visse tilfelle kan du ha rett til å protestere mot behandlinga vår av personopplysningane dine, av grunnar knytt til situasjonen din eller når personopplysningane blir behandla med tanke på direkte marknadsføring. Du vil kunne krevje at vi ikkje lenger behandlar personopplysningane dine.

Du vil dessutan ha rett til å protestere mot behandlinga vår av personopplysningane dine viss dei blir behandla med tanke på direkte marknadsføring, inkludert profilering i den grad dette er relatert til slik direkte marknadsføring. I eit slikt tilfelle vil ikkje personopplysningane dine lenger bli behandla med tanke på slike formål.

Viss du ønsker å gjere rettane dine gjeldande overfor KORO, kan du kontakte personvernombodet vårt, [Anne Christine Schjetne](#).